



Rapport

Merket for Berekraftig reisemål



Forord

I tråd med Visit Fjordkysten og Sunnfjord sin strategi og handlingsplan for 2023-2026 har destinasjonsselskapet starta arbeidet med å kvalifisere for Innovasjon Norge sitt «Merket for Bærekraftig reisemål». Arbeidet er organisert i eit 2-årig prosjekt som involverer reiselivsaktørar og reisemål i dei seks kommunane Kinn, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Sunnfjord. Finansiering av prosjektet vart innvilga av Innovasjon Norge i november 2022.

Prosjektet skal ha ei heilskapleg tilnærming med omsyn til lokalsamfunnet, miljøet og dei besøkande. Gjennom å tilstrebe ivaretaking av natur, kultur og miljø, styrking av sosiale verdiar og økonomisk levedyktigheit skal prosjektet bidra til grøn omstilling og gi grunnlag for kvalifisering til «Merket for Bærekraftig reisemål».

Oppdatert 07.06.24

Prosjektleder Rutt-Lovise Strand

Innhald

Forord	2
Innhald	3
Bakgrunn	3
Formål	3
Leveransar	3
Organisering	4
Framdrift	4
Hovudaktivitetar	5
Forankring og involvering	5
Miljøsertifisering	7
Standard 3.0	7
Handlingsplan og tiltak	7
Implementering og kontinuerleg forbetring	8
Berekraftig reisemålsutvikling	8

Bakgrunn

FNs berekraftsmål er verdas felles mål for å utrydde fattigdom, kjempe mot forskjellar og stoppe klimaendringane innan 2030. Reiseliv kan og bør spille ei viktig rolle for å nå disse måla.

Berekraft har stadig aukande betydning som føresetnad og nødvendig verdigrunnlag i reiselivet. Gjennom utvikling, kvalitetsheving og innovasjon er det eit mål at aktørane skal ta heilskapleg ansvar for det ressursfundamentet reiselivet baserer seg på; lokalsamfunn, naturen, kulturen, dei som jobbar i næringa og gjestane.


Formål

All verdiskaping i reiselivet skal vere forankra i prinsipp for bevaring av natur, kultur og miljø, styrking av sosiale verdiar og økonomisk levedyktighet.

Leveransar

- Fjordkysten og Sunnfjord skal oppnå «Merket for bærekraftig reisemål» innan utgangen av 2024
- Visit Fjordkysten og Sunnfjord skal miljøsertifiserast i løpet av 2023
- Standard for bærekraftig reisemål skal integrerast i FjordKysten og Sunnfjord sitt styringssystem på en måte som sikrar vidareføring av arbeidet med bærekraftig reiselivsutvikling og resertifisering etter merkeordninga kvart tredje år.

Organisering



Styringsgruppa: Ansvar for alle strategiske avgjørelser, fremdrift, ressursbruk og dokumentasjon.

Prosjekteigar: Ansvarleg for personell i prosjektet og å følge opp det som styringsgruppa avgjer.

Prosjektleder: Ansvar for praktisk gjennomføring av prosjektet i tråd med det styringsgruppa avgjer.

Prosessrettleder: Bistå prosjektleder og følge opp arbeidets gang.

Framdrift

	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Prosjekt oppstart																								
Oppstartssamling med styringsgruppe, prosjektleder og prosessveileder																								
Forankring og handlingsplan																								
Innspilsmøter med næringsaktører og kommuner																								
Utarbeide handlingsplan for bærekraftig reisemålsutvikling																								
Tiltak for bærekraftig reisemålsutvikling																								
Tiltak iHt handlingsplan																								
Mjøsertifisering																								
Standard for bærekraftig reisemål 3.0																								
GAP-analyse av standard 3.0																								
Indikatorarbeid																								
Undersøkelser og analyser																								
Undersøkelser mot medlemmer, innbyggere og besøkende																								
Ringvirkning- og verdiskapingsanalyse																								
Videreføring av bærekraftarbeidet etter prosjektslutt																								
Samordne handlingsplan og strategi																								
Plan for videreføring av bærekraftsarbeidet																								
Godkjenning og lansering																								
Kontrollbesøk og godkjenning																								
Lansering lokalt/ nasjonalt																								
Avslutte prosjektet																								
Sluttrapportering med regnskap																								

Det har undervegs vore nokre forskyvningar etter planen, men ikkje store endringar.

Milepælar som er nådd:

- 1) Innspilsmøter og informasjonsmøter i kommunane
- 2) Handlingsplan
- 3) Kommunestyrevedtak
- 4) Medlemsundersøking

5) Miljøsertifisering

Pågåande arbeid:

- 1) Innbyggerundersøking (mai – juni 2024)
- 2) Besvaring av Standard 3.0
- 3) Oppfølging av tiltak i Handlingsplanen
- 4) Revidering av Reisemålsstrategi
- 5) Etablering av Destinasjonsleiing

Planlagt arbeid:

- 1) Gjesteundersøking (juni – juli 2024)

Hovudaktivitetar



FORANKRING OG
INVOLVERING



MILJØ-
SERTIFISERING



BESVARE
STANDARDEN



ETABLERE
HANDLINGSPLAN
OG IVERKSETTE
TILTAK



IMPLEMENTERING
OG KONTINUERLEG
FORBETRING

Forankring og involvering

Arbeidet i prosjektet involverer lokalbefolkninga, næringslivet, kommunane og andre relevante aktørar. Gjennom fysiske og digitale møter, høyringar, kartlegging og undersøkingar har vi lagt til rette for dialog og samarbeid.

Kontaktpersonar i kommunane

- Arve Åsnes, Askvoll kommune
- Ingeborg Tysnes, Fjaler kommune
- Gjermund Flage, Hyllestad kommune
- Kristin Maurstad, Kinn kommune
- Anne Kristine Dyrdal, Solund kommune
- Trond Ueland, Sunnfjord kommune

Styringsgruppemøter

- Vår 2023, 7.februar 2023
- Haust 2023,
- Vår 2024, 5.juni 2024

Innspelsmøter

- Florø – Kinn kommune, 7.februar 2023
- Hyllestad kommune, 8.februar 2023
- Askvoll og Fjaler kommune, 1.mars 2023
- Måløy – Kinn kommune, 2.mars 2023
- Sunnfjord kommune, 13.mars 2023
- Solund Kommune, 30.mars

Andre møteplassar

- Orienteringsmøter med alle kommunane, vår 2023
- Kick-off 2023 og 2024
- Reisemålsforum haust 2023
- Reisemålsforum vår 2024
- Nettverkssamling/Samling Merket for Berekraftig reisemål, 14.-16.mars 2023

Rammevilkår

I tillegg til Merket for Berekraftig Reisemål er det ei rekkje strategiske dokument og initiativ frå regjeringa og andre aktørar som er relevante for arbeidet med Berekraftig Reisemålsutvikling:

1. **Nasjonal Reiselivsstrategi:** Innovasjon Norge har leia arbeidet med den nasjonale reiselivsstrategien, som fastset premisser for utvikling, verdigrunnlag, mål, strategiske grep, og anbefalte satsingsområde og tiltak.
2. **NOU 2023: Leve og oppleve - Reisemål for en bærekraftig framtid:** Reisemålsutvalet sin rapport utforskar kommunen sitt handlingsrom knytt til styring av besøk, forvaltning av lokale fellesgoder og finansiering av reiselivstenester.
3. **Hele Norge eksporterer:** Reiseliv vart den femte eksportsatsinga i regjeringens eksportreform. Denne satsinga skal bidra til auka eksport og ein meir konkurransedyktig, berekraftig og lønsam reiselivsnæring.
4. **Vegkart for Reiselivsnæringa:** Næringsministeren presenterte i februar 2024 eit vegkart med tiltak som skal styrke reiselivsnæringa og gjere Noreg til verdas mest berekraftige reisemål.
5. **Reiseliv 2030:** Reiseliv 2030 skal identifisere forsknings- og innovasjonstiltak som bidrar til at reiselivsnæringen utvikler seg i en mer bærekraftig retning. blir mer helårlig, skaper aktivitet i hele landet, bidrar til økt verdiskaping og gjennomfører en grønn omstilling. [Reiseliv 2030 | Innovasjon Norge](#)
6. **Temaplan Reiseliv i Vestland 2023-2025:** Vestland fylkeskommune har utvikla ein temaplan for reiselivet som tek sikte på å styrke regionen som eit attraktivt og berekraftig reisemål.
7. **Besøksforvaltning i Vestland:** Vestland fylkeskommune jobber med eit prosjekt for besøksforvaltning med mål om å utvikle eller ta i bruk modeller og verktøy for langsiktig satsing der reisemålsorganisasjonar, kommunane og fylke kan leggje til rette for ei strategisk satsing på besøksforvaltning.

Nettverk for Destinasjonsleiing og Berekraftig reisemål (NDBR)

Nettverk for Destinasjonsleiing og Berekraftig Reisemålsutvikling (NDBR) er eit nasjonalt nettverk for og av 40 destinasjonar som har satt ei tydeleg berekraftig retning for utviklinga av reiselivsnæringa gjennom å vera knytt opp mot merkeordninga "Berekraftig Reisemål". Gjennom nettverket arbeider destinasjonane for å styrke og løfte den lokale kunnskapen for å sikre auka innovasjon- og skaleringssevne, meir effektive prosessar og større gjennomslagskraft i arbeidet med å skape framtidas reiseliv.

Visit Fjordkysten og Sunnfjord er ein aktiv bidragsytar i nettverket, har inngått intensjonsavtale og deltek inn i hovudprosjektet. Rutt-Lovise følger opp arbeidet på vegne av verksemda. Deltakinga omfattar destinasjonsleiinga på destinasjonen som ein heilskap, og deltakarar har moglegheit til å invitere inn andre aktørar representert her etter eige ønske der relevant.

Berekraftskaffien

Kvar siste torsdag i månaden arrangerer nettverket Berekraftskaffien med relevante tema knytt til berekraftsarbeid. I tillegg arrangerast det forum for spesifikke, aktuelle tema.

Dialoggrupper

Nettverket har til ein kvar tid gåande ulike dialoggrupper på tema som er aktuelle for nettverket eller ulike grupperingar i nettverket.

Fokusgruppe

Nettverket har delt arbeidet inn i fokusgrupper. Visit Fjordkysten og Sunnfjord v/Rutt-Lovise deltek aktivt i Fokusgruppe for Verktøy og maler.

Miljøsertifisering

Hausten 2023 var Visit Fjordkysten og Sunnfjord vertskap for miljøfyrtårnkurs med På Svenssen. I tillegg til Visit Fjordkysten og Sunnfjord deltok Måløyraidsenteret, Gulatinget, Askvoll Fjordhotell og Fjord Gardsmat. Det vart òg til rette for deltaking til Green Key-sertifisering som Sogn Hostel deltok i.

I forbindelse med Miljøfyrtårnsertifiseringa har Visit Fjordkysten og Sunnfjord etablert eit miljøleiingssystem i tråd med gitte krav,

- Visit Fjordkysten og Sunnfjord mottok si sertifisering 04.03.24.
- Måløyraidsenteret vart sertifisert 19.04.24.

Dei øvrige deltakarane er i prosess.

Standard 3.0

I forbindelse med å svare ut Standard 3.0 har prosjektleiar jobba med å hente inn informasjon frå kommunane og andre relevante aktørar. 24 % av indikatorane er ferdig godkjent, medan ein god del er kartlagt og klare for å leggest inn i systemet.

Kartlegging i kommunane: I utgangspunktet vart det oppretta eit skjema for utfylling slik at dei aktuelle indikatorane kunne besvarast samla og ein sparte mykje arbeid om å unngå å følge opp ein og ein. Nokre av kommunane fulgte opp, nokre har det vore brukte ein god del meir arbeid på å finne ut av.

Medlemsundersøking: Gjennomført hausten 2023 i tråd med veiledninga frå merkeordninga. Nytt nyhende-brev for å nå medlemmane, etter fleire purringar var det sendt ut e-post til kvar enkelt av dei som gjenstod. I tillegg vart det satt av tid på møter der dei av medlemmane som var til stades kunne gå inn å svare.

Det er utfordrande å motivere medlemmane til å svare, og oppfølging av undersøkinga krev uforholdsmessig mykje arbeid.

Destinasjonsleiing

Per dags dato ein pågåande prosess.

Reisemålsstrategi

Per dags dato ein pågåande prosess.

Handlingsplan og tiltak

Handlingsplan med tilhøyrande tiltak blir arbeida med parallelt med oppfølging av Standard 3.0

Implementering og kontinuerleg forbetring

Gjennom samarbeid, kommunikasjon og informasjon, jobbar vi kontinuerleg med å implementere ein berekraftig praksis. Viktige verktøy og plattformer i dette arbeidet:

- Merkevaren – Eit samlande verktøy: [Kommunikasjonskonseptet – Visit Fjordkysten & Sunnfjord \(wordpress.com\)](#)
- Visit Fjordkysten og Sunnfjord – Bransjenytt: [Visit Fjordkysten & Sunnfjord – Bransjenytt \(wordpress.com\)](#)
- Fjord Norway – Din guide til Vestlandet: [FjordKysten og Sunnfjord - Fjord Norway](#)
- Hubspot CRM-system – Nyhendebrev

Berekraftig reisemålsutvikling

Implementering av Standard 3.0 handlar om å gjere *Prinsipp for berekraftig reiseliv* om til praksis.



Det er etablert styringssystemer og verktøy for implementering av Standard for bærekraftig reisemål:

Ansvarleg reiseliv

På bransjenettsida er det lagt til rette for informasjon og verktøy til medlemmane for å jobbe etter berekraftige prinsipp i si verksemd: <https://visitfjordkysten.wordpress.com/berekraft-i-praksis/>

Det er etablert eit prosessverktøy som kan nyttast av medlemmane for oppfølging i eiga drift. Verktøyet er til hjelp for utfylling av medlemsundersøkinga som gjennomførast minst kvart 3 år.

Ansvarleg marknadsføring

Ansvarleg marknadsføring handlar om å forstå ulike gjesters behov og forutsetningar, og gje dei gode, realistiske bilete av reisemålet og tilboda som fins, både før ankomst og under opphaldet.

Visit Fjordkysten og Sunnfjord har etablert ei rettleiing ansvarleg marknadsføring for å:

- styrke vertskapet si rolle som ambassadør for ansvarleg gjesteadferd og integrere prinsipp for berekraftig reiseliv i deira tenester og drift.

- gje eit realistisk bilde av reisemålet og tilboda som fins, i henhold til lovar, reglar, anbefalingar, samt kva gjester kan forvente å oppleve i regionen.
- auke medvitte blant dei besøkande om deira innverknad på reisemålet og oppmuntre til ansvarleg atferd for å bevare og verne natur, kultur og miljø.

[Ansvarleg gjesteferd – Visit Fjordkysten & Sunnfjord \(wordpress.com\)](https://www.visitfjordkysten.no/ansvarleg-gjesteferd)

Ansvarleg gjesteferd

Som vertskap på Fjordkysten og i Sunnfjord har vi ei unik moglegheit og eit stort ansvar. Vi står ikkje berre som formidlarar av våre spektakulære landskap og rike kulturarv, men også som pådrivarar for berekraftig turisme. Di rolle som vertskap er avgjerande for å sikre at våre besøkande får ei oppleving som er både minneverdig og skånsam mot miljøet, samt trygg og respektfull overfor naturkreftene.



Reis betre

Visit FjordKysten og Sunnfjord har ei heilskapleg tilnærming til gode opplevingar. Vi trur på naturen – og vi trur på folket!

[Reis betre - Fjord Norway](https://www.visitfjordkysten.no/reis-betre)

Reis Betre er ein del av Visit Fjordkysten og Sunnfjord sitt kommunikasjonskonsept – utvikla for å fremje ansvarleg gjesteferd blant våre besøkande. Dette konseptet fokuserer på å gjere turistar medvitne om deira påverknad på miljøet og korleis dei kan bidra positivt til våre lokalsamfunn. Ved å formidle viktige retningslinjer og inspirere til betre val, legg vi til rette for ein berekraftig turistindustri som tek omsyn til både natur, kultur og samfunn.

Anna arbeid som støttar prosessen

- Kommunikasjonskonseptet
- Besøksforvaltningsprosjekt i Vestland
- Kommunalt planarbeid i Kinn kommune

Undervegsvurdering

Nokre prosessar tek meir tid enn venta, men det har ikkje fått store konsekvensar for gjennomføringa. Det er særleg prosessar der ein treng tilbakemelding og respons frå til dømes medlemmar og kontaktpersonar som krev meir arbeid og tid.